



MØTEPROTOKOLL

Utval:	Maritim og teknisk komite
Stad:	Herøy rådhus, Formannskapssalen
Dato:	15.10.2018
Tid:	15:00 – 19:20

Medlemer som møtte:

Idar Kjell Tarberg	Leder	H
Marthe Vågsholm Sævik	Medlem	H
Ole Brubakk	Medlem	KRF
Runar Stave	Nestleder	AP
Olaug Andreassen	Medlem	AP
Frank Roy Moltu	Medlem	FOLK/SP

Forfall:

Anja Pedersen	MEDL	FRP
---------------	------	-----

Andre:

Leiar samfunnsutvikling Jarl Martin Møller

Landbrukssjef Anne-Kathrine Løberg

Komiteen var fyrst på synfaring i Tjørvåg, MTK-sak 62/18.

Deretter var dei på bedriftsbesøk hos Tano Seaweed.

Attende på rådhuset kl. 17:50.

Til å skrive under protokollen saman med leiaren vart desse valde:

Marthe Vågsholm Sævik og Frank Roy Moltu.

underskrifter

Marthe Vågsholm Sævik

Idar Tarberg

Frank Roy Moltu

SAKLISTE:

Saksnr	Innhold
PS 59/18	Godkjenning av innkalling og sakliste
PS 60/18	Protokoll frå førre møte.
PS 61/18	Delegerte saker
PS 62/18	Frode Berg Tjervåg - 53/25 - søknad om dispensasjon frå PBL §1-8 tiltak i strandsona og innanfor LNF-område i kommuneplanen sin arealdel for vesentleg terrenginngrepog etablering av molo
PS 63/18	Intensjon om å oveta eigarskap til Bøvågen-, Kopperstad-, Runde-, Sandebukta- og Skorpa fiskerihamn
PS 64/18	Klage på MTK-sak 44/18 - dispensasjon frå kommuneplanens arealdel og frå PBL §1-8 strandsonevernet med sikte på frådeling av ny bustadtomt på gnr 29, bnr 87 i Herøy kommune
PS 65/18	Klage MTK-sak 31/18 - Eva Edvardsen 17/22 - Dispensasjon gjenreising naust
PS 66/18	Budsjettkontroll per 31.08.2018
PS 67/18	Tertialrapport per 01.09.2018.

Delegerte saker frå avdelingane

- DS 224/18 Ferdigattest - riving bustadhus gnr 13, bnr 10
- DS 225/18 Norhus Ørsta as - 30/9 - 2-mannsbustad med tilhørande garasje
- DS 226/18 Rullestolrampe rådhuset - søknad dispensasjon byggegrense.
- DS 227/18 Per Erling Lyngre - 48/90 - Rehabilitering av skorstein
- DS 228/18 Norhus Ørsta as- 4/338 - Igangsetting 2-mannsbustad
- DS 229/18 Ferdigattest - 76/137 - Fritidsbustad
- DS 230/18 Ferdigattest - 81/14 - tilbygg/garasje
- DS 231/18 Mellombels bruksløyve - 26/229
- DS 232/18 Oddbjørn Roseth - 23/1 - grunnarbeid/infrastruktur
- DS 233/18 Ferdigattest - fasadeendring 26/27
- DS 234/18 Handelsbygg Holding as - 38/2 - IG grunn og fundamentarbeid
- DS 235/18 Frode Bakken - 86/52 - riving brannskada bygg
- DS 236/18 Herøy kommune - 34/84 - Fasadeendring/rullestolrampe
- DS 237/18 Thore A. Bendal - 30/3 - Frådeling
- DS 238/18 Mellombels bruksløyve - 25/89 - Einebustad
- DS 239/18 Ferdigattest - 60/399 - Garasje
- DS 240/18 Ferdigattest - 45/160 - Leilegheit A og B
- DS 241/18 Ferdigattest - 59/81
- DS 242/18 Frank Robert Stenersen - 34/160 - Tilbygg og fasadeendring
- DS 243/18 Norhus Ørsta as - 30/9 - Rammeløyve veg og VA-anlegg
- DS 244/18 Geir Jostein Stenersen - 38/216 - Påbygg/tilbygg

PS 59/18 GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKLISTE

Møtebehandling:

Ingen hadde merknader til innkalling og sakliste.

PS 60/18 PROTOKOLL FRÅ FØRRE MØTE.

Møtebehandling:

Protokoll frå førre møte låg føre.

PS 61/18 DELEGERTE SAKER

Møtebehandling:

Delegerte saker frå avdelingane låg føre og vart tekne til vitande.

PS 62/18 FRODE BERG TJERVÅG - 53/25 - SØKNAD OM DISPENSASJON FRÅ PBL §1-8 TILTAK I STRANDSONA OG INNANFOR LNF-OMRÅDE I KOMMUNEPLANEN SIN AREALDEL FOR VESENTLEG TERRENGINNGREPOG ETABLERING AV MOLO

Møtebehandling:

Komiteen var på synfaring på staden.
Landbrukssjef Anne Kathrine Løberg møtte og orienterte.
Det vart røysta punktvis:

Pkt. 1 – Samrøystes

Pkt. 2 - vedteke mot ei røyst

Vedtak i Maritim og teknisk komite - 15.10.2018

1.

Maritim og teknisk komite vedtek at det ikkje vert gjeve dispensasjon frå arealføremålet i kommuneplanen og plan og bygningslova §1-8 for tiltak bygging av veg/vesentleg terrenginngrep på gnr. 53, bnr. 25 i Herøy kommune.
Utført tiltak må tilbakeførast i den grad det er mogleg med massane på staden.

Avslaget er grunngeve med at tiltaket strid med gjeldande kommuneplan, og elles ut ifrå ei samla vurdering vil tiltaket vesentleg tilsidesette dei omsyn som plan og bygningslova §1-8 skal ivareta, som er natur og kulturmiljø, landskap, friluftsliv og

allmenne interesser. Etablering vil også privatisere areal for ålmenta langs strandsona i Tjørnvåg.

2.

Maritim og teknisk komite vedtek med heimel i plan og bygningslova §19-2 at det vert gjeve dispensasjon for etablering av molo knytt til etablert naust på gnr. 53, bnr. 25.

Dispensasjonen er grunngjeven med at moloen ikkje vil vesentleg tilsidesette plan og bygningslova § 1-8 – den vil vidare føre til lettare tilkomst til lovelg etablert naust og gi vern mot ver og vind.

Ein gjer merksam på at dette vedtaket kan klagast til Fylkesmannen i Møre og Romsdal, Fylkeshuset, 6404 Molde. Mogleg klage må vere skriftleg og grunngjeven og den skal stilast til Fylkesmannen, men sendast til Herøy kommune, Postboks

PS 63/18 INTENSJON OM Å OVETA EIGARSKAP TIL BØVÅGEN-, KOPPERSTAD-, RUNDE-, SANDEBUKTA- OG SKORPA FISKERIHAMN

Møtebehandling:

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken.

Tilråding i Maritim og teknisk komite - 15.10.2018

Herøy kommunestyre melder interesse om å overta desse statlege fiskerihamnene til takst: Bøvågen-, Kopperstad-, Runde-, Sandebukta- og Skorpa fiskerihamn.

PS 64/18 KLAGE PÅ MTK-SAK 44/18 - DISPENSASJON FRÅ KOMMUNEPLANENS AREALDEL OG FRÅ PBL §1-8 STRANDSONEVERNET MED SIKTE PÅ FRÅDELING AV NY BUSTADTOMT PÅ GNR 29, BNR 87 I HERØY KOMMUNE

Møtebehandling:

Maritim og teknisk komite kom med framlegg om slikt ekstra pkt.:

Maritim og teknisk komite vurderar det som eit viktig argument at ein får positiv tilflytting til kommunen.

Rådmannen si tilråding med ekstrapunkt vart samrøystes vedteken.

Vedtak i Maritim og teknisk komite - 15.10.2018

Maritim og teknisk komite kan ikkje sjå at innkomne klage inneheld nye moment i høve til det som låg føre då dei gjorde eit vedtak om å gi dispensasjon i MTK-sak 44/18, den 13.08.2018.

Klagen vert difor ikkje teken til følgje og Maritim og teknisk komite stadfestar vedtak i MTK-sak 44/18, av 13.08.2018.

Maritim og teknisk komite vurderar det som eit viktig argument at ein får positiv tilflytting til kommunen.

Saka vert sendt til Fylkesmannen i Møre og Romsdal for endeleg avgjerd.

PS 65/18 KLAGE MTK-SAK 31/18 - EVA EDVARDSEN 17/22 - DISPENSASJON GJENREISING NAUST

Møtebehandling:

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken.

Vedtak i Maritim og teknisk komite - 15.10.2018

Maritim og teknisk komité (MTK) kan ikkje sjå at innkomne klage inneheld nye moment i høve til det som låg føre då dei gjorde eit vedtak om å gi dispensasjon i MTK-sak 31/18, den 11.06.2018.

Klagen vert difor ikkje teken til følgje og Maritim og teknisk komité stadfestar vedtak i MTK-sak 31/18, av 11.06.2018.

Saka vert sendt til Fylkesmannen for endeleg avgjerd.

PS 66/18 BUDSJETTKONTROLL PER 31.08.2018

Møtebehandling:

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken.

Tilråding i Maritim og teknisk komite - 15.10.2018

1. Kommunestyret er uroleg for den økonomiske situasjonen i 2018 og vil på nytt be om at stillingar vert haldne vakante så lenge det er forsvarleg.
2. Kommunestyret vil også be om at det vert gjennomført ei streng prioritering når det gjeld kjøp av varer og tenester.

PS 67/18 TERTIALRAPPORT PER 01.09.2018.

Møtebehandling:

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken.

Tilråding i Maritim og teknisk komite - 15.10.2018

Tertialrapporten per 01.09.2018 vert godkjend.

MØTET SLUTT!

